

KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2010.

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssettinga i Helse Vest

Prosjektnamn

Innføring av tiltaksplan for omsorg til døyande og deira pårørande, Liverpool Care Pathway

Prosjekteigar (Helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Bergen, Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk, Kompetansesenter i lindrende behandling Helseregion Vest

Prosjektleder (kontaktperson)

Dagny Faksvåg Haugen, seksjonsoverlege og leiar av kompetansesenteret
dagny.haugen@helse-bergen.no

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.

Kvifor blei prosjektet starta?

I Helseregion Vest skjer det kvart år om lag 7600 dødsfall. Om lag 3000 dødsfall skjer i sjukehus, dei fleste i travle akuttavdelingar. Undersøkingar syner at behandlinga og pleia av døyande fleire stader ikkje er god nok. Internasjonalt nyttar ein i aukande grad tiltaksplanar for å kvalitetssikre omsorga til døyande. Den mest kjende tiltaksplanen vart utvikla i Liverpool i 1990-åra og er tatt i bruk i ei rekke land i verda. Dette prosjektet blei starta for å innføre Liverpool Care Pathway (LCP) i helseføretaka i Helse Vest. Målet er å gi betre omsorg til døyande og deira pårørande ved at personalet følgjer rettleiinga for behandling og pleie i tiltaksplanen og nyttar han som dokumentasjon ved forventa dødsfall.

Mål for prosjektet

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

- Betre og meir heilskapleg omsorg for døyande og deira pårørande
- Legar og pleiepersonell sette i stand til å gi optimal omsorg for døyande
- Betre kommunikasjon i teamet rundt pasienten
- Betre dokumentasjon av behandlinga i slutten av livet
- Betre samarbeid omkring palliative pasientar gjennom bruk av felles verktøy
- God og tenleg bruk av medikament som gjer behandlinga kostnadseffektiv

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast ?

Prosjektet starta i 2009 med å innføre LCP på to postar på Haukeland og nokre fleire postar på Haraldsplass sjukehus. I 2010-2011 vil prosjektet bli utvida til fleire postar på både sjukehusa. Prosjektsjukepleiar vil gi opplæring til personalet og følgje postane nøye opp. LCP vil og bli tatt i bruk ved Kreftposten i Helse Førde. Bergen, Fjell og Kvam kommune vil innføre LCP i sjukeheimane og i nokre distrikt i heimesjukepleia. Prosjektet vil samarbeide med desse kommunane. Vi har og ei rådgjevande rolle for resten av landet som nasjonalt senter for LCP.

Evaluering av prosjektet vil skje gjennom måling av kvalitetsindikatorar (bruk av planen ved forventa dødsfall, ordinasjon av nødvendige medikament for symptomlindring til døyande, førebuande kommunikasjon dokumentert i journal), ved å gå gjennom journalar før og etter innføring av LCP og gjennom fokusgruppeintervju med personalet på nokre av prosjektpostane.

<p>Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m. v.)</p> <p>Målet er at LCP skal vere implementert i prosjektpostane og vidareførast i den daglege drifta etter prosjektslutt.</p>	
<p>Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv</p> <p>Haukeland og Haraldsplass er dei første sjukehusa i Noreg som har tatt i bruk LCP. Vi har allereie presentert prosjektet på fleire kurs og konferansar. Kunnskap frå prosjektet vil bli presentert i tidsskrift og overført til andre delar av regionen og nasjonalt.</p>	
<p>Oppstarttidspunkt (planlagt) 01.08.2010 (vidareføring av prosjekt frå 2009)</p>	<p>Sluttidspunkt (planlagt) 31.07.2011</p>